



DET KONGELEGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets presidentskap
Ekspedisjonskontoret
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
17/1563-3

Dato
27.03.2017

Spørsmål nr. 851 frå stortingsrepresentant Liv Signe Navarsete til kommunal- og moderniseringsminister Jan Tore Sanner

Eg viser til brev av 16. mars frå Stortingets presidentskap med spørsmål til skriftleg svar frå stortingsrepresentant Liv Signe Navarsete.

Spørsmål:

"Kor mykje tapte kommunane i Sogn og Fjordane samla og enkeltvis på at avstandskriteriet kom inn i inntektssystemet, og kva er dei totale endringane av nytt inntektssystem for dei same kommunane samla og enkeltvis?"

Grunngjeving:

"Det er utan tvil slik at kommunane i Sogn og Fjordane ikkje har kome godt ut av endringane i inntekssystemet frå 2017. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane kan, på spørsmål frå ordføraren i Gloppen, ikkje gjere tydeleg greie for tala. Det er difor naudsynt å reise spørsmåla til departementet som har ansvar for kommuneøkonomien."

Svar:

I inntektssystemet for kommunane i 2017 er det gjort endringar i basistilskotet i utgiftsutjamninga. Basistilskotet skal i all hovudsak kompensere for kostnader til administrasjon, og går til alle kommunar. For å fjerne hindringar for kommunesamanslåingar, blir basistilskotet no differensiert ut i frå eit kriterium som seier noko om reiseavstandar i kommunen og områda rundt, strukturkriteriet. Strukturkriteriet måler gjennomsnittleg reiseavstand for innbyggjarane i kommunen for å nå 5000 innbyggjarar, uavhengig av kommunegrensar. Alle kommunar med ein verdi på strukturkriteriet som er 25,5 km eller

over, får framleis fullt basistilskot, mens kommunar med lågare verdiar på strukturkriteriet får ein lågare kompensasjon.

Kostnadsulemper ved tenester (slik som grunnskule og helsetenester) på grunn av spreidd busetting, vil framleis bli fullt kompensert.

Kommunar som skal slå seg saman, vil få inndelingstilskot frå samanslåingstidspunktet på basis av inntektssystemet for 2016. Nokon av desse kommunane vil fram til tidspunktet for samanslåing, kunne få redusert basistilskot. Desse kommunane vil få ein kompensasjon for redusert basistilskot i perioden fram til kommunesamanslåinga.

Inntektsgarantiordninga (INGAR) sikrar at ingen kommunar får ein berekna vekst i rammetilskotet frå eit år til det neste som er meir enn 300 kroner per innbyggjar lågare enn landsgjennomsnittet. Kommunar som isolert sett taper meir enn 300 kroner per innbyggjar på endringane, vil dermed få kompensert det dei taper ut over 300 kroner per innbyggjar det første året.

Tabell 1 viser anslag på fordelingsverknadene av endringane i inntektssystemet for enkeltkommunar i Sogn og Fjordane, og totalt for alle kommunane i fylket. Fordelingsverknadene er berekna med kriteriedata og utgiftsbehov frå 2014, og vart berekna til kommuneproposisjonen for 2017. Dei totale fordelingsverknadane består av systemverknadane av endringane av kostnadsnøkkelen, inkludert endringa i basistilskotet, og endringane i dei regionalpolitiske tilskota.

Det er ikkje berre fordelingsmekanismene i inntektssystemet som er viktig for kommunane. Ein god vekst i dei frie inntektene gjer kommunane i stand til å yte gode tenester til innbyggjarane. Tabell 2 viser den oppgåvekorrigerte veksten i dei frie inntektene for periodane 2009-2013 og 2013-2016. Den gjennomsnittlege årlege veksten i dei frie inntektene i Sogn og Fjordane var over dobbelt så høg i denne regjeringsperioden samanlikna med perioden 2009-2013.

Forklaring til tabell 1:

Kolonne 1 viser innbyggjarar per 01.01.2015.

Kolonne 2 viser den isolerte effekten av å gradere basiskriteriet. Eit lågare beløp blir fordelt gjennom basiskriteriet samanlikna med tidlegare, og resten vil bli ført tilbake til alle kommunar med eit likt beløp per innbyggjar.

Kolonne 3 viser den totale verknaden av endringane av inntektssystemet.

Tabell 1. Verknader av endringar i basistilskotet og totale fordelingsverknader etter endringar i inntektssystemet. Tall i kroner per innbyggjar.

Kommune	Innbyggjarar per 1.1.2015	Fordelingsverknader gradert basistilskot	Totale fordelingsverknader
	1	2	3
1401 Flora	11 862	-182	-63
1411 Gulen	2 335	243	-1 055
1412 Solund	800	243	1 040
1413 Hyllestad	1 405	243	1 052
1416 Høyanger	4 169	229	-513
1417 Vik	2 678	243	600
1418 Balestrand	1 304	243	1 208
1419 Leikanger	2 276	-921	-1 819
1420 Sogndal	7 677	-376	-423
1421 Aurland	1 738	243	367
1422 Lærdal	2 146	243	472
1424 Årdal	5 429	-523	18
1426 Luster	5 118	-86	-478
1428 Askvoll	3 008	243	-248
1429 Fjaler	2 823	-186	227
1430 Gaular	2 960	-429	-1 614
1431 Jølster	3 026	-415	-1 554
1432 Førde	12 801	-177	-135
1433 Naustdal	2 777	-765	-1 341
1438 Bremanger	3 890	243	-1 369
1439 Vågsøy	6 082	-490	-416
1441 Selje	2 752	243	68
1443 Eid	5 987	-455	-342
1444 Hornindal	1 221	-915	-885
1445 Gloppen	5 751	-273	-363
1449 Stryn	7 155	-118	-451
14 Sogn og Fjordane	109 170	-191	-358

Forklaring til tabell 2:

Kolonne 1 viser årleg gjennomsnittleg realvekst i dei oppgåvekorrigerede frie inntektene i alt for perioden 2009-2013.

Kolonne 2 viser årleg gjennomsnittleg realvekst i dei oppgåvekorrigerede frie inntektene per innbyggjar for perioden 2009-2013.

Kolonne 3 viser årleg gjennomsnittleg realvekst i dei oppgåvekorrigerede frie inntektene i alt for perioden 2013-2016.


Kolonne 4 viser årleg gjennomsnittleg realvekst i dei oppgåvekorrigerede frie inntektene per innbyggjar for perioden 2013-2016.

Tabell 2 Årleg gjennomsnittleg realvekst i dei oppgåvekorrigerede frie inntektene i alt og per innbyggjar. Per kommune og for kommunane totalt i Sogn og Fjordane. Periodane 2009-2013 og 2013-2016. Prosent.

	2009-2013		2013-2016	
	Årleg gj. snitt realvekst	Årleg gj. snitt realvekst per innbyggjar	Årleg gj. snitt realvekst	Årleg gj. snitt realvekst per innbyggjar
	1	2	3	4
1401 Flora	1,1	0,6	1,0	0,4
1411 Gulen	-1,0	-1,2	1,4	0,5
1412 Solund	-2,3	-1,3	-1,4	1,0
1413 Hyllestad	-0,6	0,2	-0,6	0,2
1416 Høyanger	0,0	0,6	0,0	0,5
1417 Vik	-0,7	-0,3	0,5	1,0
1418 Balestrand	-1,3	-1,1	0,0	1,0
1419 Leikanger	1,1	0,0	1,3	0,7
1420 Sogndal	1,7	-0,1	2,9	1,3
1421 Aurland	0,7	0,3	1,7	0,8
1422 Lærdal	-0,4	-0,1	0,2	0,3
1424 Årdal	-0,5	-0,2	0,7	1,7
1426 Luster	0,6	-0,2	1,4	1,1
1428 Askvoll	-0,2	-0,1	1,2	1,1
1429 Fjaler	0,4	0,1	1,6	2,1
1430 Gaular	0,5	-1,0	2,9	2,7
1431 Jølster	0,7	-0,4	0,3	1,0
1432 Førde	2,6	1,1	2,4	1,5
1433 Naustdal	0,3	-0,3	2,8	1,3
1438 Bremanger	0,5	0,2	0,4	1,3
1439 Vågsøy	0,2	-0,3	0,9	1,3
1441 Selje	0,2	1,0	0,1	0,3
1443 Eid	0,8	0,6	1,1	0,6
1444 Hornindal	0,2	-0,1	-0,2	0,8
1445 Gloppen	0,3	0,3	1,5	0,8
1449 Stryn	0,9	-0,1	1,7	1,4
14 Sogn og Fjordane	0,6	0,1	1,3	1,0

** Kilde: TBU/Finansdepartementet/Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Med helsing

A handwritten signature in blue ink, consisting of several overlapping, fluid strokes that form a stylized representation of the name Jan Tore Sanner.

Jan Tore Sanner

